

# Stikkskade

## Stikkskade, kjelde

Vert undersøkt på HBsAg, anti-HCV og anti-HIV.

Prøven skal vere rekvirert av lege ved aktuell avdeling/poliklinikk/legekontor. Det føresetjast at denne har innhenta informert samtykke frå pasienten.

Dersom kjeldepersonen er reaktiv i screening i nokon av analysane syter lege ved Mikrobiologisk avdeling for varslings til rekvirenten. Rekvirenten følgjer opp pasienten vidare.

**Ved ukjend kjeldeperson**, i eller utanfor helsetenesta, sjå: [Stikkuhell på sprøyter, posteksponeringsprofylakse - veileder for helsepersonell](#)

## Eksponert , 0-prøve

Prøven vert frosen.

Dersom kjeldeperson er negativ er det nok med kontrollprøve etter 6 mnd. Rekvirerande lege har ansvar for innkalling. Kontrollprøven analyserast på HBsAg, anti-HBc, anti-HIV og anti-HCV.

### Dersom kjeldeperson er positiv:

- i nokon av analysane (HBsAg, anti-HIV og anti-HCV), syter lege ved Mikrobiologisk avdeling for varslings til rekvirenten. Rekvirenten må følgje opp med evt. naudsynte tiltak (t.d. vaksinasjon, immunglobulin, HIV-profylakse).
- på HBsAg: 0-prøva frå den eksponerte vert undersøkt på anti-HBs.
- Den eksponerte følgjast opp tettare med kontrollprøve etter 6 veker, 3 månader og 6 månader. Ansvar for innkalling til alle kontrollar ligg hos rekvirerande lege.

## Eksponert, oppfølging

Dersom positiv kjeldeperson: Ansvar for oppfølging av den eksponerte inkludert innkalling til 6 veker og 3 mnd.-kontroll ligg hos rekvirerande lege.

Vert undersøkt på HBsAg, anti-HBc, anti-HIV og anti-HCV.

Dersom kontrollprøven er positiv, vert 0-prøven og kontroll-prøven analyserte parallelt.

Tilleggstestar vert utført og begge prøvar sendt vidare til undersøking ved Haukeland Universitetssjukehus.

Svar frå Haukeland Universitetssjukehus vil bli vurdert av lege ved Mikrobiologisk avdeling som så sender ut eit tilleggssvar til rekvirenten.

## Feilkjelder

Hemolytisk eller kontaminert serum.

**Litteratur, kjelder**

Stikkuhell på sprøyter, posteksponeringsprofylakse - veileder for helsepersonell

**Utførast av**

Serlogisk fagområde

**Fagområde**

Virologi

**Rekvisisjonsskjema**

Skjema HF 1084

Skjema HF 1088

**Medisinsk fagleg ansvarleg**

Reidar Hjetland

**Sist oppdatert**

11.10.2016 Gro Øren